



Notat

Dato: 01.12.2015
Arkivsak: 2014/1328-22
Saksbehandlar: hanalve

Tillegg til politisk sak 332/2015: Reklamefinansiert kollektivtransport - status og gjennomgang

Ein viser til politisk sak 332/2015, der det under punkt 1 "Inngått avtale med JCDecaux om reklame på rullande kollektivmaterieill" heiter at "storleiken på eit eventuelt kompensasjonskrav frå reklameoperatøren JCDecaux etter dette punktet ligg i skrivande stund ikkje føre, og vil difor bli lagt fram for fylkesutvalet i møtet."

Administrasjonen har motteke eit varsel om krav frå JCDecaux i tilfelle avtalen vert heva. JCDecaux meiner seg, i tråd med § 2.4 første ledd i avtalen, rettkomen til ein kompensasjon på totalt kr 463 285.